

Stigma sine produksjonar 1992-2003

Tittel	Handling	Speletid	Produksjonsår
Blod på Riksveg 51	Postkontoret i Våge vert rana. Dei fire ranarane grev ned byttet og skal etter planen reisa ut or landet for ei tid. Fyrst vert den eine av dei fire ranarane skoten og lempa på sjøen. Og etter ein krangel vert også endå ein til skoten. Då dei to gjenverande ranarane skal møte ein femtemann i Gåsevik råkar dei ut for Lensmann Lauritsen som arresterer dei og dei lyt sitje i fengsel. Dei klarer å rømme og ei spanande jakt på byttet er i gong. Både mopedbandar, lensmenn, kokainhandlarar og ranarane som no opptrer på kvar sin front er med i jakta på byttet. Korleis skal dette enda? <i>Blod På riksveg 51</i> var i produksjon frå 1996 til 2003, men vart aldri fullført grunna fråfall hjå fleire skodespelarar. Medverkande: Kjell Magnus Økland, Nils Vermund Gjerstad, Carsten Simonsen, Joacim Simonsen, Andrè Simonsen, Pål Irgan, Audun Blichfeldt Dalland, Nils Børge Malkenes, Sigvart Madsen, Sæbjørn Singelstad, Lars Petter Epland, Jon Arve Bjordal, Martin Helland, Torunn Nødland, Halvard Vik, Hilde Jæger, Hans Olav Pharoh Nilsen, Halvard Dalsgård og Torstein Fjeldet Lunde.	45 min.	2003
Skjære Festen 2002	Forfilm til SkjæreFesten 2002 som tek opp problemet med manglande oppmøte i kyrkjene, bilkøyering, avgudsdyrking, planar om oppblåsbar flytande idrettshall med skytebane og utbyggjinga ved Godøysund. Medverkande: Lurentz Londe, Anders Bakke, Anders Dalland og Kjell Magnus Økland.	7 min.	2002
Skjære Flyturen	Audun og Kjell Magnus er på Bruntveit for å delta i det opne Reksteren-meisterskapen i klinkekulekasting. Dei stiller høvesvis for Øvre Dalland Klinkekulestøytarlag og Nera Gjerstad Klinkekulelag. Då Kjell Magnus sleng ein kommentar til Audun får han problem med konsentrasjonen og kjem brått på at her burde dei ikkje vera. Istaden burde dei vera i Våge og Vonheim der Skjære Festen går av stabelen. Dei tek piratdrosje, stel ein sykkel, vert skoten på og lyt springa gjennom skog og mark før dei kjem fram til Flygansvær, staden der folket på Reksteren har bygd seg ein småflyplass på dugnad. Småflya der kan ein låne om ein berre har sprunge langt nok gjennom skogen. Då det ikkje er mogleg å landa flyet i Våge lyt dei jumpe i fallskjerm og landar gjennom taket i Vonheim. Filmen vart produsert til Skjære Festen 1999. Skodespelarar: Audun og Eirik Dalland, Nils Børge Malkenes og Kjell Magnus Økland – alle i rolla som seg sjølve.	8 min.	1999
Log Man	Log Man: Superhelten Log Man er oppvaksen i skogen og oppfostra av trærne. Han står i kontakt med alle tre og kan kva tid som helst skapa seg om til eit heilt eller delar av eit tre. Log Man handlar på vegne av naturen mot slemme tømmerhoggarar. Men dei slemme tømmerhoggarane er ikkje så lure då dei tek Log Man til fange og dreg han innpå eit vedlager.. Førabels er det laga to episodar av Log Man. Medverkande: Dagfinn Sandvik, Nils Vermund Gjerstad, Carsten Simonsen og Kjell Magnus Økland.	6 min.	1998

Surfin` USA	Musikkvideo sterkt inspirert av typen musikkvideo ein kunne forvente frå Beach Boys med den vesle ulempen at desse «lekre» mannebeina berre stundom rører seg i takt på ein heller overskya dag ute i Gunnarsvikjo. Medverkande: Carsten Simonsen, Nils Petter Skjervheim, Kjell Magnus Økland, Audun Blichfeldt Dalland og Nils Vermund Gjerstad.	3 min.	1996
Snuse II	Inspektør Snuse tek seg fri frå pølsebod-etterforskaroppdraget sitt for å løysa ei innvikla mordgåte i Leirvik, ein by herja av kriminalitet og narkotika. Filmen går føre seg i Sæ 18, eit hybelhus der mordsaker ofte startar med opning av nyinnkjøpte cd-plater. Leigebuarane er ikkje så voldsomt på talefot, men vert sjølvsagt kjenslemerkte når det skjer mord i huset. Vidare er hybelen i blokk 1, rom 10, Rommetveit Studentheim der den amerikanske utvekslingsstudenten Billy frå Nebraska bur, viktig. Her plar han sniffa innpå kokain samt fortelja mykje løgn i mobiltelefonen sin. Snuse snusar seg fram til at Platon er ein platebutikk som sel Beatles-plater med lite musikk på, men mykje kokain inne i coveret og at Grand Hotel kan by på overnatting for ein trøytt etterforskar. Det store sluttoppgjeret skjer i Sentralparken i Leirvik, ein park der forbrytarar ofte møtest for å utveksla informasjon om sams fiendar, parken er òg ein møtestad for fugleinteresserte homofile. Filmen var ferdig januar 1995. Medverkande: Nils Vermund Gjerstad, Kjell Magnus Økland, Carsten Simonsen, Martin Helland, Håvard Fantoft Grutle, Terese Fadnes, Synnøve Moss, Torgrim Gram Økland, Kjetil André Tofte og Tom Vidar Pettersen.	45 min.	1995
Samuel Sekknes	Samuel Sekknes oppdagar at han ikkje har kontroll over livet sitt. Han er styrt av makter som han ikkje veit kven er. Han freistar å finne ut av det heile og han hamnar til slutt på ein fest i Teiglandsveien 14 B, staden der den kommersielt vellykka forfattaren Nikolas Gjøkstad bur og skriv bøkene om Samuel Sekknes. På eit gjestebod for 200 gjester skal Nikolas Gjøkstad gje Samuel Sekknes evna til å tenkje sjølv. Pussig nok tek Samuel Sekknes då saka i eigne hender... Medverkande: Dagfinn Sandvik, Sæbjørn Singelstad, Nils Vermund Gjerstad, Andre og Carsten Simonsen, Kjell Magnus Økland og Nils Børge Malkenes.	22 min.	1995
Ein badevakt trer fram	Denne saken finst i to versjonar og Inspektør Snuse har sommarjobb som badevakt på ei strand. Medan han drikk Solo, driv folk med drukning. Snuse får eit mystisk dødsfall å hanskast med. Her møter han innpåslitne tyske turistar men også den framtidige assistenten sin. Snuse synar publikum kvifor Kriminalpolitiet fyrst får sakene etter at folka er daud. Medverkande: Nils Petter Skjerheim, Askild Gjerstad, Hans Olav Pharoh Nielsen, Carsten Nielsen, Joacim Simonsen, Nils Vermund Gjerstad og Kjell Magnus Økland.	7 min.	1995

Rævhål	I eit spontant tevlingsprega ordsifte mellom to tøffe karar om kven som kan syne dryggingen på den mest ufordragelege måten får me her demonstrert kor nyttig dorullen kan vera i valdssamanheng. Opptaka vart gjort ved den vidjetne staden Rabbafossen på Stord. Medverkande: Nils Vermund Gjerstad og Kjell Magnus Økland. Bak kamera: Carsten Simonsen.	2 min.	1995
USK eleven	Nils Vermund Gjerstad har i denne filmen vore i militæret og gjennomført eit såkalla USK-utdanning - Utskreve Sersjant Kurs på Ulven Leir. Noko uventa vert han dimmitert og heime vert han mobba av nokre slemmingar frå heimstaden. Desse venene skal på ein teltur i skauen og Nils Vermund aktar å få ut hemnlysta. Dette utviklar seg til det reine blodbadet der sjølvaste lensmann Lauritsen lyt gripa inn utan at det går så bra. Filmen syner kor skadevaldande militæret kan vera på eit ungt gutesinn! Medverkande: Jostein Henanger, Nils Vermund Gjerstad, Hege Opdal, Joacim Simonsen, Carsten Simonsen, Kjetil Dalland, Stine Alise Henanger, Kjell Magnus Økland, Nils Børge Malkenes og Hans Olav Pharoh Nilsen.	32 min.	1995
Who is Stigma	Alle tre i Stigma har godhug for The Who og ein musikkvideo til den mest kjende låten til bandet: My Generation, laut sjølv sagt lagast. Medverkande er Nils Vermund Gjerstad, Carsten Simonsen og Kjell Magnus Økland. Bak kamera: Joakim Simonsen. Opptaka vart gjort på låven på Gjerstad gard nr. 1 si løe.	3 min.	1995
Dagen der på	Kva ting bør ein gjere når skallebanken er tilstades og ein ikkje hugsar kva ein har vore med på kvelden før? Filmen er ei innføring i noko av problematikken kring dette med "hangover" som ein jo gjerne får dagen etter ei rotbløyte. Medverkande: Nils Vermund Gjerstad.	4 min.	1995
Eksamenskandidaten	Eksamenar kjem vel alle ut for ein eller annan gong. Dette er ein opplysningsfilm i gode triks du kan nytta deg av medan du les som verst før eksamenssalvoret set inn. Medverkande: Kjell Magnus Økland, Carsten Simonsen og Nils Vermund Gjerstad.	16 min.	1994
Faderen	Ei filmatisering av Bjørnstjerne Bjørnson si novelle der Tord Øveraas stadig kjem innom prestekontoret kvart 6. eller 8. år på vegner av sonen sin grunna dåp, konfirmasjon og bryllaup. Presten heng med i den tekniske utviklinga og kjem med formanande ord til Tord som er uheldig og druknar i fylla på veg til sitt eige bryllaup. Det høyrer med til saga at denne filmen vart selt til Stord Vidaregåande Skule som nytta han i norsk undervisninga. Stigma er med andre ord pensum i norsk! Medverkande: Nils Vermund Gjerstad, Carsten Simonsen, Hans Olav Pharoh Nilsen og Kjell Magnus Økland.	20 min.	1994
Pingla	Mobbing kan føra til så mangt. Me får her sjå eit døme på ein som trenar seg opp til å møte den knallharde kvardagen i nabolaget. Men trass i mange rundar med manualane ser det ikkje ut til å vera noko ende på mobbinga. Filmen var det aller fyrste som vart produsert med Carsten Simonsen sitt kamera. Medverkande: Joacim Simonsen, Carsten Simonsen, Kjell Magnus Økland og Nils Vermund Gjerstad.	7 min.	1994

Snuse I	Eit mystisk mord skjer på Klokkegarden s om er eit hybelstrøk der nokre snorkar og andre trykkjer puter ned i andletet på dei fyrstnemnde. Inspektør Snuse tek saka. Han og assistenten får etterkvart litt av kvart å hengja fingrane i då dei nystar opp i det som tilsynelatande er eit fredeleg poker-miljø, men som skjuler mykje grums. Medverkande: Dagfinn Sandvik, Askild Gjerstad, Nils Vermund Gjerstad, Nils Petter Skjervheim, Sæbjørn Singelstad og Kjell Magnus Økland.	26 min.	1994
Disco boy	Jarle Oskar er ein vanleg gut med sans for det som utelivet kan bringa med seg. Men han lukkast ikkje. Og når ein er på jakt etter noko å kosa med i senga om kvelden, kan kven som helst verta desperat. Jarle Oskar endrar enkelte avgjerande detaljar ved seg seg sjølv og framstår som Janne. Planen om å fanga «kjøtt» på denne måten lukkast fullstendig og han/ho får det som han vil. Medverkande Nils Vermund Gjerstad og Kjell Magnus Økland.	9 min.	1994
Varulvens natt	Dette er rett nok ikkje noko Stigma-produksjon, men kjem med på lista av sosiale grunnar...Filmen var den aller fyrste "seriøse" tingen som vart produsert i 1992-1993. Skjønt seriøs... Då fleire av skodespelarane hadde svært lite røynsle framfor kamera vart det helst eit tragikomisk resultat. Særleg med tanke på at dette skulle vera ein slags skrømtfilm. Dette er historia om dei fem ungdommane som fer på skogstur, men er uheldige og råkar på ein varulv. Det syner seg etterkvart at varulven er ein av dei 5 og dei må sjølve ordna opp, dersom dei klarer det... Medverkande: Henning Solheim, Nils Vermund Gjerstad, André Simonsen, Nils Børge Malkenes, Askild Gjerstad og Kjell Magnus Økland var stand-in. Regi: Andre Øverdal (seinare regissør av «Trolljegeren».	22 min.	1993
Dancing Queen	Nokre vil spela fotball medan andre likar ABBA på video. Fysisk fostring og fysisk forfall vert sameint i denne filmen. Medverkande: Sæbjørn Singelstad, Nils Vermund Gjerstad, Carsten Simonsen og Audun Dalland.	7 min.	1992
Stereodemonen	Den onde demonen Iaksakat har teke bustad inni ein cd-spelar. Der freistar han å plage menneska han kjem over. Men han oppnår ikkje nok innflyting og lyt til slutt ta til takke med eit mørklagt liv i ei pappøskje på loftet. Medverkande: Kjell Magnus Økland og Nils Vermund Gjerstad.	11 min.	1992
Askild Ladden	Askild-Ladden var ein parodi på TV 2 sitt spørjeprogram Askeladden og difor namnet. Med dumme spørsmål og enda dummare svar vart denne spørjetevlinga ein publikumsmagnet. Programleiar var Askild Gjerstad og deltakarane var Nils Vermund Gjerstad, Dagfinn Sandvik og Kjell Magnus Økland.	15. min	1992
I kosahjødna	Filosofisk open spalte der teorier som har vore gjeldande opp gjennom historia får gjennomgå ganske grundig. Ein slik allmenngyldig regel seier jo at at bøker skal vera så bra, den teorien vert her grundig pulverisert. I kosahjørna var ferdig påsken 1992 og medverkande var Nils Vermund og Askild Gjerstad samt Dagfinn Sandvik.	12 min.	1992
Geir`en og Dagfina	Innsyn i korleis Ola og Kari Nordmann taklar det opne og fordomsfrie tilhøvet til sex som er vorte vanleg på 90-talet. Medverkande: NVG og Dagfinn Sandvik, bak kamera: Askild Gjerstad.	7 min.	1992